



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

Melding om vedtak

NVE konsesjonsavdelingen
pb. 5091 Majorstua

0301 OSLO

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2143/2015 - 2007/469	Øyvinn Moltumyr	223/S00	31.03.2015

VEIÅNI MINIKRAFTVERK - SØKNAD OM KONSESJON - UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i kommunalutvalet, i møte 24.3.2015, saknr.
26/2015

Med helsing

Øyvinn Moltumyr
næringssjef

VEIÅNI MINIKRAFTVERK - SØKNAD OM KONSESJON - UTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
223/S00	2007/469	Øyvin Moltumyr	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/8	Teknisk utval	23.03.2015
15/26	Kommunalutvalet	24.03.2015

Vedlegg:

- 1 NVEs høring av søknad om konsesjon for Veiåni kraftverk i Åseral kommune i Vest-Agder. Frist 15. april 2015
- 2 Saksnr. 201500265 Konsesjonssøknad Veiåni kraftverk i Åseral kommune i Vest-Agder

Bakgrunn:

I 2007 gav NVE fallrettseigarane høve til å etablera vasskraftverk i Veiåni på Smeland. Løyve til utbygginga blei gjeven på visse føresetnader. Fangdammen skulle ha ei høgde på maks 2,5 meter. Installert effekt i kraftstasjonen skulle vera maks 600 kW, og det skulle etablerast ei minstevassføring på 10 l/s i vassdraget mellom fangdammen og kraftstasjonen. Ut frå at naturinngrepet blei vurdert som relativt lite og med dei nemnde føresetnadene, slapp utbyggerane å søka om konsesjon. Dette er viktig fordi ein konsesjonsrunde tek tid og kostar pengar.

Etter at kraftverket var etablert var NVE på ein såkalla miljøkontroll. Dei fann at anlegget ikkje oppfylte vilkåra for etableringa. Fangdammen var bygd 2,7 m høgare enn føresetnaden, og den installerte effekten i kraftverket var på 800 kW i staden for 600 kW. I tillegg var det etablert ei anordning i vassinntaket som skulle syta for at minstevassføringa blei stoppa. På bakgrunn av dette påla NVE kraftverkseigarane å søkja om konsesjon. Det er denne konsesjonssøknaden som NVE no sender ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 15.4.2015.

Spørsmålet om konsesjon skal avgjerast med grunnlag i vassressurslova. Paragraf 25 i lova lyder slik: «Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.»

Etter avtale med ordføraren blir saka tatt opp til handsaming i Teknisk utval og Kommunalutvalet (Teknisk utval har ansvar for å integrera miljøomsyn innafor sitt arbeidsområde medan kommunalutvalet er overordna miljøutval.)

Eg tek ikkje med nærare omtale av anlegget, men syner til vedlegg.

Vurdering:

Då grunneigarane byrje arbeidet med å planlegga utbygginga gjekk kommunen inn for at anlegget kunne byggast utan konsesjonshandsaming. Grunngevinga for dette var at naturinngrepet ville bli relativt lite og at anlegget ligg i eit område med liten allmenn bruk. Den aktuelle bekken er i tillegg lite synleg i landskapsbilete. Den viktigaste endringa i konsesjonssøknaden er at dammen har blitt høgare enn opphavleg planlagd. Mi vurdering er at anlegget likevel representerer eit lite naturinngrep. Vidare vurderer eg at storleiken på installert effekt har lite å seie for kommunen si vurdering i dette tilfelle.

Eg er uroa over at sækjarane har synt så lite respekt for føresetnaden om minstevassføring. Diverre har eg òg høyrte andre kraftverkseigarar uttale at det er ikkje så farleg med krav om minstevassføring, for det kan så fort kome «i torve» i innløpet. Med slike haldningar meiner eg at NVE, for å sikre at det blir teke omsyn til naturmiljø og allmenne interesser, bør vurderer å sette krav om elektronisk overvaking av minstevassføring. Det blir fort ei for tung bør om lokale interesser skal påpeika slikt.

Som nemnd ovafor kan konsesjon berre gjevast dersom føremonene er større en ulempene. Med dagens straumprisar går anlegget med underskot og det finnes soleis ikkje føremoner. Det skal difor ikkje kunne gjevast konsesjon. Eg legg likevel til grunn at straumprisane over tid vil vera tilstrekkeleg høge til at der vil vera føremoner av ein viss storleik.

Som sækjar nemner har anlegget blitt ei økonomisk belastning. Det ville vera eit lykkeleg, men kanskje ikkje utenkeleg utfall av denne saka, om kraftverket, etter konsesjonshandsaminga kunne koma inn under ordninga med «grøne» sertifikat.

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune meiner NVE bør gje konsesjon til tiltaket. Føremonene av tiltaket vil bli større enn ulempene.

NVE bør vurderer om det er aktuelt å sette krav om elektronisk overvaking av minstevassføringa.

Ved konsesjon bør anlegget kome inn under ordninga med el-sertifikat.

Saksprotokoll i Teknisk utval - 23.03.2015

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Åseral kommune meiner NVE bør gje konsesjon til tiltaket. Føremonene av tiltaket vil bli større enn ulempene.

NVE bør vurderer om det er aktuelt å sette krav om elektronisk overvaking av minstevassføringa.

Ved konsesjon bør anlegget kome inn under ordninga med el-sertifikat.

Saksprotokoll i Kommunalutvalet - 24.03.2015

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Åseral kommune meiner NVE bør gje konsesjon til tiltaket. Føremonene av tiltaket vil bli større enn ulempene.

NVE bør vurderer om det er aktuelt å sette krav om elektronisk overvaking av minstevassføringa.

Ved konsesjon bør anlegget kome inn under ordninga med el-sertifikat.

Parter i saka:

NVE	pb. 5091 Majorstua	0301	OSLO
konsesjonsavdelingen			
Veiåni Minikraftverk AS	CO. Ole Gunnar Reiersdal, Smeland	4540	ÅSERAL

Kopi til: